



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 15.03.2017
Møtestad: Osterøy rådhus - heradsstyresalen
Møtetid: kl. 13.00 – kl. 20.00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jarle Skeidsvoll	KRF	Ordfører
Mortensen, Alf Terje	FRP	Varaordfører
Berit Moslett Borge	H	Medlem
Johannes Haugland	SP	Medlem
Jon Flydal Blichfeldt	MDG	Medlem
Kjersti Ingolvsdotter Vevatne	V	Medlem
Rita Aud Tveiten	AP	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Hildegunn Mo	FRP	Medlem
Johannes Bysheim	AP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Silje Midtbø Vevle	MDG	Hildegunn Mo
Torunn Åsheim	AP	Johannes Bysheim

Følgjande frå administrasjonen møtte: Kst. rådmann, leiar for planavdelinga og utvalssekretæren.

Sakliste

Saknr	Tittel
017/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
018/17	Godkjenning av møtebok
019/17	Referatsaker og meldingar
020/17	Tredje gongs handsaming - Plansak 12532011003 - Områderegulering Valestrand Sentrum - Valestrand
021/17	Uttale - Regional areal og transportplan for Bergensområdet 2017-2028

- 022/17 Offentleg høyring kart- og planforskriften
- 023/17 Utbyggingsavtale - reguleringsplan Fugledalen – Bustad – Hatland, Plan nr. : 1253 2012 001.
- 024/17 Vegnorm for Osterøy kommune
- 025/17 Interkommunalt samarbeid om tilsyn med forsøpling etter forureiningslova - godkjenning av avtale med BIR AS
- 026/17 Skjenkekontroll 29.01.17- Rapport og tilleggsrapport

ORIENTERING

Årsresultat 2016

Rådmannen v/økonomisjefen orienterte om årsresultatet for 2016, sektorvis og samla. Netto driftsresultat for 2016 vart ca. kr 6 mill., d.v.s ca. 1% av driftsinntektene.

Det vart ikkje gjort vedtak i tilknytning til orienteringa.

Andre saker/spørsmål

Rådmannen viste til utdelt skriv frå FAU Valestrand om informasjonsmøte med presentasjon av rapport om skuleutbygging i Valestrandsregionen. Førebels dato for møtet er sett til 20. april.

Spørsmål om oppfølging av budsjettvedtaket

Rådmannen orienterte kort om status for oppfølging så langt.

Framtidig organisering og struktur for tenestene innan helse, omsorg og sosial

Jfr. utdelt notat frå rådmannen om dato for politisk verkstad og arbeid med sak til formannskapsmøtet 03. mai.

Ferdigstilling av tilleggsregulering Bruvik bustadfelt: Rådmannen bad her om konkretisering av kva tomtar dette gjeld, gjerne vist på kart.

Gjerstadfossen Kraftverk AS – høyring

Kommunen har fått utsett høyringsfristen og rådmannen vil førebu ei sak til formannskapsmøtet 03. mai.

Det vart ikkje gjort vedtak i tilknytning til spørsmål og svar.

017/17: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

15.03.2017 FORMANNSKAPET

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

FS - 017/17 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

018/17: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå 08.02.17 vert godkjend.

15.03.2017 FORMANNSKAPET

Det var ikkje merknader til utsend møteprotokoll frå 08.02.17.

FS - 018/17 VEDTAK:

Møteprotokoll frå 08.02.17 vert godkjend.

019/17: Referatsaker og meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

15.03.2017 FORMANNSKAPET

Til møtet vart følgjande dokument delte ut:

Notat av 15.03.17 frå rådmannen om Haus barnehage, investeringskostnader.

Melding nr. 3:

Alf Terje Mortensen, FRP, fekk gje slik protokolltilførsel: "Vedrørande ref.sak 3- protokoll frå kontrollutvalet. Sak o4 17. Rådmannen har i orienteringa "peika mellom anna på at saka er politisk forankra". Osterøy Frp har ved fleire høve bede om å få dokumentert korleis denne forankringa ser ut. Me kan ikkje sjå at det føreligg noko vedtak som tilseier dette. Me bed nok ein gong om at denne saka vert lagd fram for heradstyret med alle tilhøyrande dokument. Ein minner og om at det kun er heradstyret som kan fatte vedtak om kjøp av eigedom over 2 mill kroner."

"Vedrørande referatsak 3: protokoll frå kontrollutvalet sak 05/17. Slik ein les det av protokollen, er dette eit vedtak som kan sjå ut som om sakshandsaminga i denne saka er gyldig etter lova. ein bed derfor rådmannen kome attende til heradstyret i førstekomande møte med ei sak om dette."

Rådmannen viste til spørsmål frå Kjersti Vevatne, V, om framdrift for trafikklysing ved dagens skule på Valestrand, og stadfesta at kommunen/fylkeskommunen ikkje har høve til å ekspropria grunn då gjeldande reguleringsplan er eldre enn 10 år. Etter at formannskapet gav løyving til ny trafikklysing har administrasjonen arbeidd med å få på plass ei snarleg lysing utan at dette har lukkast så langt. Arbeidet med Valestrandsplanen har og teke lengre tid enn venta, m.a. fordi det kom motsegner etter andre gongs høyring, og planen difor må ut på ny høyring og offentleg ettersyn.

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Det vart ikkje gjort andre vedtak i tilknytning til meldingssakene.

FS - 019/17 VEDTAK:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

020/17: Tredje gongs handsaming - Plansak 12532011003 - Områderegulering Valestrand Sentrum - Valestrand

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Framlegg til Områderegulering Valestrand sentrum, plannummer 12532011003, med føresegner, planskildring og plankart dagsett 24.02.2017, samt tilhøyrande vedlegg, vert lagt ut til høyring og offentlig ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 12-10».

08.03.2017 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Leiar planavdelinga var til stades i møtet ved utvalet si handsaming.

Leiar planavdelinga gjorde oppmerksom på ein feil i planføresegnene, pkt. 1.55. Forslag til ny formulering: "Før det kan gjevast bruksløyve på BKB05 og o_BU01 skal busshaldeplass mellom BKB05 og o_BU01 ha mellombels bruksløyve eller vere ferdigstilt. Kravet er avgrensa til innkøyring, venteareal for buss og passasjerar, og utkøyring. "

Siren Tyssebotn, FRP, bad på vegner av FRP og AP om slik protokolltilførsel: Ein bed administrasjonen utgreie følgande punkt og korne attende med skrifleg svar før saka kjem til handsaming i formannskapsmøtet.

Rekkefølgekrav som gjeldt fleire delfelt eller eigarar bør få samme formulering som føresegn 1.38 der det står at: «skal vera ferdigstilt eller sikra opparbeidd, før det kan gjevast nye bruksløyve». Korleis skal fordelingsnøkkelen være ved slike rekkefølgekrav for delfelta i til dømes 1.39? Det ligg stor forskjell i økonomien i bygningsmassen på dei ulike delfelta og korleis skal dette takast omsyn til i fordelinga av rekkefølgekrava? Vil storleik på tiltak ha noko å seia for kor mykje ein eigedom skal dekke i rekkefølgekrava? Kan det være mogleg med ei løysing som gjer at kommunen administrerer rekkefølgekrava slik at ikkje utbyggerar vert sitjande og «vente» på kva naboen føretar seg?

- For fleire rekkefølgekrav ligg det noko som kan minne om «skjulte krav». Føresegn 1.39 kan til dømes medføre at Statens Vegvesen pålegg tiltakshavarar å bekoste fortau mot fylkesveg. Kan dette medføre at det vert ei skeivfordeling av «rekkefølgekrav» som fører til at moment påpeika i punkt over kjem til syne? Vil ein då risikere at det tiltakshavarar på desse delfelta vert sitjande og vente på at naboen startar opp og tek rekkefølgekrava slik at dei sjølve slepp?

- Føresegn 1.52 kan medføre at Statens Vegvesen pålegg tiltakshavarar å utbedre kryss, og dermed heile veg ned mot Meieriet. Korleis skal ein sikre seg mot eit slikt «skjult» rekkefølgekrav? Vil kommunen kunne gå inn og dekke slike tilleggskrav som kjem utover rekkefølgekrava?

- Det bør tillast utbygging jfr. føresegn 1.43 dersom ein kan dokumentere at bygg er dimensjonert for dambrot ved Kringastemma, det samme gjeldt vedr. 1.42 om flaumførebyggjande tiltak.

Fylkeskommunen som vegeigar bør korne med midlar til trafikksikringstiltaka som ligg inne i planen. Mellom anna Vågenessvingen, rundkøyring og ein del fortau. Osterøy Kommune bør snarast gå i dialog med Fylkeskommunen og syte for at slike midlar vert omsøkt og framskaffa snarast. Om naudsynt må det skrivast avtale om

forskottering dersom det drøyer med å få midlar frå fylkeskommunen.

For område ved BKB 03. Pil for avkjørsle til SGT i plankart er plassert slik at det ser ut som om det *vert* vanskeleg å gjennomføre. Dette er på grunn av høgdeforskjellane som er i området. Korleis kan dette løysast i planen?

Dette er viktige spørsmål å få avklara før saka skal opp til endeleg handsaming, og ein meiner det er viktig å kvalitetssikre desse spørsmåla og problema på ein så god måte som råd."

Siren Tyssebotn, FRP, gjorde på vegner av FRP og AP slike framlegg om endringar: "Tilkomst til gnr. 135/bnr. 25 og 28 må koplast saman inn saman med ny avkjørsleveg i Vågenessvingen til gnr. 135/bnr. 97 med fleire."

Punkt 1.55 i planføresegnene vert endra til: "*Før det kan gjevast bruksløyve* på BKB05 og o_BU01 skal busshaldeplass mellom BKB05 og o_BU01 ha mellombels bruksløyve eller vere ferdigstilt. Kravet er avgrensa til innkøyring, venteareal for buss og passasjerar, og utkøyring."

Grunngjeving: Danielsens ungdomsskule går med utbyggingsplanar og heldt i desse dagar på med oppstart av dette arbeidet. For dei hastar det med å kome i gang. Slik føresegna er formulert i rådmannen sitt framlegg, vil dette medføre kraftig forseinking for dette byggeprosjektet dersom denne teksten vert ståande. Rådmannen sitt framlegg er: "*Før det kan gjevast løyve til tiltak på BKB05 og o_BU01 skal busshaldeplass mellom BKB05 og o_BU01 ha mellombels bruksløyve eller vere ferdigstilt. Kravet er avgrensa til innkøyring, venteareal for buss og passasjerar og utkøyring. Det vil seie at det ikkje kan startast på noko som utbyggingsprosjekt før dette arbeidet er avslutta. Me meiner denne teksten er unødig streng, då Statens vegvesen sitt krav (s. 213) er at: Bussløysing i tilknytning til skulane må vere etablert før ny skule i området BKB05 gjevast midlertidig bruksløyve eller ferdigattest. Me meiner at dersom teksten vert korrigert slik som føreslege i framlegget, stettar me Statens vegvesen sitt krav, og bidreg til at Danielsens skule kan ta til med utbygging snarare slik dei ynskjer. Ein legg og til at elevtal på skulen vil vere det same som dagens tal, 90 elevar, etter at utbygging er ferdig.*"

"Felt BBB02 får kotehøgd +35 jamfør føresegna punkt 2.31. Storleiken på felt BBB02 vert lik areal på parsellen gnr. 137/bnr. 14."

"For felt BS04 vert føresegna punkt 2.37, siste setning, endra frå: minimum 30 av parkeringsplassane skal vera offentlege, til minst 50% av parkeringsplassane skal vera offentlege."

"Parkeringsnorm i punkt 1.32 vert endra til 1,0 pr. bustadeining langs miljøgata."

"Området langs med ferjekai må utvidast slik at garverimuseet og servicebygg for gjestar i småbåthamn kan plasserast der."

"Det vert ikkje lagt til rette for gangveg frå Åsabrekka via gnr. 137/bnr. 72, 200, 20 og 14 til SGT."

"Gnr. 137/bnr. 25, 76 og 77 vert lagt inn med same farge og med same føremål som området "Rulledalen" parkering/skuleområde."

"BYA for felt BS03 og BS10 vert sett til 90%." Grunngeving: Tilstøytande felt som er BS02 er føreslått til 90%. Samstundes er BS10 føreslått til 100%. Dersom ein set alle felta med same BYA, vil ein få ei meir heilskapeleg og føreseieleg arealregulering for området.

"Det kan byggjast bustader i førsteetasje i felt BKB02, jfr. føresegn punkt 2.94."

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 13.55 - kl. 14.10 med gruppemøte for AP/MDG/SP og KRF

Lars Fjeldstad, SP, gjorde slikt framlegg: "Området Bk06 vert regulert til offentleg tenesteyting. Grunngeving: Framtidig tomt for barnehage."

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 14.45 - kl. 14.50 med gruppemøte for AP og FRP

AVRØYSTING

Lars Fjeldstad sitt framlegg - fall med 4 røyster (2AP,2FRP) mot 3 røyster (1SP,1KRF,1MDG)

Endra tilkomst til gnr. 135/bnr.25/28

AP/FRP sitt framlegg - tilrådd med 6 røyster (2AP,2FRP,1MDG,1SP) mot 1 røyst (1KRF)

Felt BBB02 - kotehøgd +35 - tilrådd med 5 røyster (2FRP,2AP,1SP) mot 2 røyster (1MDG,1KRF)

BYA 90 % for felt BS03 og BS10 - samrøystes tilrådd

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 14.55 - kl. 15.00 med gruppemøte for AP og FRP

gnr. 137/bnr. 25, 76 og 77 - endra føremål -

AP/FRP sitt framlegg - samrøystes tilrådd

Gangveg frå Åsabrekka

AP/FRP sitt framlegg - tilrådd med 4 røyster (2AP/2FRP) mot 3 røyster (1MDG,1SP,1KRF)

Utviding langs ferjekai

AP/FRP sitt framlegg - tilrådd med 4 røyster (2AP,2FRP) mot 3 røyster (1MDG,1SP,1KRF)

Parkeringsnorm langs miljøgata

AP/FRP sitt framlegg - tilrådd med 4 røyster (2AP,2FRP) mot 3 røyster (1MDG,1SP,1KRF)

Føresegn punkt 2.37

AP/FRP sitt framlegg - tilrådd med 6 røyster (2AP,2FRP,1MDG,1SP) mot 1 røyst (1KRF)

Punkt 2.95 og 2.94 endring

AP/FRP sitt framlegg - tilrådd med 5 røyster (2AP,2FRP,1MDG) mot 2 røyster (1KRF,1SP)

Punkt 1.55 endring

AP/FRP sitt framlegg - samrøystes tilrådd

Protokolltilførsel frå AP/FRP

Det vart ikkje gitt protokolltilførsel. Utvalet slutta seg i staden samrøystes til å oversenda spørsmåla til rådmannen for svar før formannskapsmøtet.

AVRØYSTING - endeleg

Rådmannen sitt framlegg

med tilrådde endringar - samrøystes tilrådd

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 15.20 - kl. 15.30.

Sak 041/17 vart handsama i lukka møte etter sak 026/17.

Etter sak 041/17 vart det teke opp nye framlegg i sak 026/17.

Siren Tyssebotn, FRP, gjorde på vegner av FRP og AP slikt framlegg: 1. "Avkjørsel frå SGT må leggjast så langt nord som råd er mot avkjørsel i dag." og 2. "SGT jfr. 3.13 vert avslutta ved nordre del av BKB02."

AVRØYSTING

Ta framlegga opp til avrøysting - samrøystes vedteke

Framlegg 1 - tilrådd med 4 røyster (2AP,2FRP) mot 3 røyster (1KRF,1MDG,1SP)

Framlegg 2 - tilrådd med 4 røyster ((2AP,2FRP) mot 3 røyster (1KRF,1MDG,1SP)

PL - 026/17 VEDTAK:

Tilråding til vedtak:

«Framlegg til Områderegulering Valestrand sentrum, plannummer 12532011003, med føresegner, planskildring og plankart dagsett 24.02.2017, samt tilhøyrande vedlegg, og med slike endringar som tilrådd i møtet, vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 12-10.

15.03.2017 FORMANNSKAPET

Leiar for planavdelinga var til stades ved utvalet si handsaming.

Følgjande dokument vart ettersend til møtet:

- svar frå rådmannen på spørsmål frå AP og FRP kring rekkefølgjekrav og finansiering/realisering av områdeplanen

Gildskap

Rita Tveiten, AP, bad om vurdering av sin gildskap i saka som grunneigar av berørte eigedomar og som tante til ein grunneigar - ho tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap - 8 medlemmer/varamedlemmer til stades.

Kjersti Vevatne, V, tok opp spørsmål om foreslåtte rekkefølgjekrav vil ha relevans i h.t. vurdering av gildskap.

Ordføraren fekk tilslutnad til at formannskapet vurderer gildskap for Rita Tveiten for dei områda der ho eller nevøen har eigarinteresser.

Avrøysting - gildskap

Rita Tveiten, AP, vart samrøystes kjend ugild ved handsaming av framlegg som vedrører henne som grunneigar eller som tante til ein grunneigar.

Vedtaket vart gjort i med medhald av fvl. § 6, 1. ledd, bokstav a ... *En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget eller til å treffe avgjørelse i en forvaltnings sak når han selv er part i saken....* . og same lov § 6., 2. ledd ... *likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet, blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til ...* .

Rita Tveiten, AP, kom tilbake til møtet i samband med rådmannen si orientering før utvalet si handsaming av saka - 9 medlemmer/varamedlemmer til stades.

Rådmannen v/leiar for planavdelinga gjekk gjennom svara på spørsmåla som vart stilte frå FRP og AP i plan- og kommunalteknisk utval 08.03.17. I h.t. spørsmål om det kan koma motsegn som følgje av føreslåtte endringar, vart det særleg påpeika at innteikna vegløyisingar er aksepterte av Statens vegvesen, og endringar i desse kan føra til motsegn. Endringar i forslag til tiltak/krav for flomsikring kan gi motsegn frå NVE.

Utvalet slutta seg til å handsama dei endringsframlegga der Rita Tveiten, AP, vart kjend ugild først, og ho tok ikkje del i møtet ved handsaminga av desse - 8 medlemmer/varamedlemmer til stades.

Leiar for planavdelinga gjorde merksam på feil i føresegnene då parkeringsnorm for eigedomar langs miljøgata vart sett til 1,0 ved andre gongs handsaming av planen. Dette vil bli retta opp før ny høyring.

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde på vegner av FRP og AP slikt framlegg: "Felt BBB02 får kotehøgda +35 jamfør føresegna punkt 2.31. Storleiken på felt BBB02 vert lik areal på parsellen gnr. 137/bnr. 14."

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - 5 røyster (1KRF,2MDG,1SP,1V)

Alf T. Mortensen sitt framlegg - 3 røyster (1FRP,1AP,1H)

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde på vegner av FRP og AP slikt framlegg: "Det vert ikkje lagt til rette for

gangveg frå Åsabrekka via gnr. 137/bnr. 72, 200, 20 og 14 til SGT."

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - 6 røyster (1KRF,2MDG, 1H,1SP,1V)

Alf T. Mortensen sitt framlegg - 2 røyster (1FRP,1AP)

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde på vegner av FRP og AP slikt framlegg: "Parkeringsnorm i punkt 1.32 vert endra til 1,0 pr. bustadeining langs miljøgata."

AVRØYSTING

Alf T. Mortensen sitt framlegg - samrøystes

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde på vegner av FRP og AP slikt framlegg: "Det kan byggjast bustader i første etasje i felt BKB02, jfr. føresegn punkt 2.94."

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - 6 røyster (2MDG,1KRF,1SP,1V,1KRF)

Alf T. Mortensen sitt framlegg - 2 røyster (1AP, 1FRP)

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde på vegner av FRP og AP slikt framlegg: "1. Avkjørsel frå SGT må leggjast så langt nord som råd er mot avkjørsel i dag. 2. SGT jfr. 3.13 vert avslutta ved nordre del av BKB02."

AVRØYSTING

Alf T. Mortensen sitt framlegg

Punkt 1 - fall med 6 røyster (1KRF,2MDG,1H,1SP,1V) mot 2 røyster (1FRP,1AP)

Punkt 2 - fall med 6 røyster (1KRF,2MDG,1H,1SP,1V) mot 2 røyster (1FRP,1AP)

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 16.50 - kl. 17.00. Rita Tveiten kom tilbake til møtet i pausen - 9 medlemmer/varamedlemmer til stades.

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde på vegner av FRP og AP slikt framlegg: "For felt BS04 vert føresegna punkt 2.37,siste setning, endra frå: minimum 30 av parkeringsplassane skal vera offentlege, til minst 50% av parkeringsplassane skal vera offentlege."

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - 1 røyst (1KRF)

Alf T. Mortensen sitt framlegg - 8 røyster (1FRP, 2AP, 2MDG,1H,1SP,1V)

Rita Tveiten, AP, gjorde på vegner av AP og FRP slikt framlegg: "Området langs ferjekai må utvidast slik at garverimuseet og servicebygg for gjestehamn kan plasserast der."

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - 6 røyster (1KRF,2MDG,1H,1Sp,1V)

Rita Tveiten sitt framlegg - 3 røyster (1FRP,2AP)

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde på vegner av FRP og AP slikt framlegg: "Gnr. 137/bnr. 25, 76 og 77 vert lagt inn med same farge og med same føremål som området "Rulledalen" parkering skule."

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - 5 røyster (1KRF,1MDG,1H,1SP,1V)

Alf T. Mortensen sitt framlegg - 4 røyster (1FRP,1MDG,2AP)

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde på vegner av FRP og AP slikt framlegg: "BYA for felt BS03 og BS10 vert sett til 90%. Grunngjeving: Tilstøytande felt som er BS02 er føreslått til 90%. Samstundes er BS10 føreslått til 100%. Dersom ein set alle felta med same BYA, vil ein få ei meir heilskapeleg og føreseieleg arealregulering for området."

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - 0 røyster

Alf T. Mortensen sitt framlegg - samrøystes

Johannes Haugland, SP, gjorde slikt framlegg: "Området BK06 vert regulert til offentleg tenesteyting eller bustadføremål."

AVRØYSTING

Johannes Haugland sitt framlegg - samrøystes

PROTOKOLLTILFØRSEL

Kjersti Vevatne, V, fekk høve til å gje slik protokolltilførsel: "Plassering av barnehage i og ved

Valestrand blir å koma tilbake til når val av tomt for barneskule er avgjort."

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde på vegner av FRP og AP slikt framlegg: "Tilkomst til gnr. 135/bnr. 25 og 28 må koplast saman med ny avkjørsleveg i Vågenessvingen til gnr. 135/bnr. 97 med fleire."

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - 6 røyster (1KRF,2MDG,1H,1SP,1V)

Alf T. Mortensen sitt framlegg - 3 røyster (1FRP,2AP)

Kjersti Vevatne, V, gjorde slikt framlegg: "Føresegn 1.55 vert endra frå "bruksløyve" til "ferdigattest", slik:

Før det kan gjevast ferdigattest på BKB05 og o_BU01 skal busshaldeplass mellom BKB05 og o_BU01 ha mellombels bruksløyve eller vere ferdigstilt. Kravet er avgrensa til innkøyring, venteareal for buss og passasjerar, og utkøyring.

Grunngjeving:

Innspelet frå SVV er ivareteke ved at dei har foreslått krav om enten mellombels bruksløyve ELLER ferdigattest. På grunn av situasjonen Danielsen er i, med eit byggeprosjekt i oppstart, så er det ikkje grunn til at kommunen skal vedta strengare krav enn det SVV har forslag om. Etter planen skal ferdig bygg stå klart til skulestart 2018."

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg (som tilråding frå PT-utvalet): "Punkt 1.55 i planføresegnene vert endra til: "Før det kan gjevast bruksløyve på BKB05 og o_BU01 skal busshaldeplass mellom BK05 og o_BU01 ha mellombels bruksløyve eller vere ferdigstilt. Kravet er avgrensa til innkøyring, venteareal for buss og passasjerar og utkøyring."

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 18.45 - kl. 18.50 med gruppemøte for AP og FRP.

AVRØYSTING

Kjersti Vevatne sitt framlegg - 5 røyster (1KRF,1V,2MDG,1H)

Alf T. Mortensen sitt framlegg - 4 røyster (1FRP,2AP,1SP)

Kjersti Vevatne, V, gjorde slikt framlegg: Ny setning nr. 2 (kjem inn mellom dei to eksisterande setningane).

"Ved nye tiltak skal godt samspel med dei kulturhistoriske verdiane vektleggast, både når det gjeld materialval, utforming og løysingar."

"Grunngjeving:

Dette får ikkje relle konsekvensar, men er ei tydeleggjering av kva som gjeld i omsynssona. Det synleggjer at kommunen har ei rolle i å sikre kvaliteten i prosjekta, før avklaring med regionalt mynde."

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 18.55 - kl. 19.00 med gruppemøte for AP og FRP.

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - 5 røyster (1FRP,2AP,1H,1SP)
Kjersti Vevatne sitt framlegg - 4 røyster (1KRF,1V,2MDG)

Torunn Åsheim, AP, gjorde på vegner av AP og FRP slikt framlegg: "Punkt 1.16 Inngangar og hovudfasade på bygg som ligg langs miljøgata skal venda inn mot denne i første etasje om denne vert nytta til næring."

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - 1 røyst (1KRF)
Torunn Åsheim sitt framlegg - 8 røyster (1FRP,2AP,2MDG,1H,1SP,1V)

Torunn Åsheim, AP, gjorde slikt framlegg: "Føresegnene endring i punkt 1.21: Det vert gjort same unntak frå minimumskote for golvnivå for dei gamle garveribyggja (BKB07, BKB08, BKB09 og BKB14) som det er gjort for BKB10 (Revheimsgarveriet)."

AVRØYSTING

Torunn Åsheim sitt framlegg - samrøystes tilrådd

AVRØYSTING - endeleg

Samla plan med vedtekne endringar - samrøystes tilrådd

FS - 020/17 VEDTAK:

Innstilling til heradsstyret:

«Framlegg til Områderegulering Valestrand sentrum, plannummer 12532011003, med føresegner, planskildring og plankart dagsett 24.02.2017, samt tilhøyrande vedlegg, og med slike endringar som tilrådd i møtet, vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 12-10».

021/17: Uttale - Regional areal og transportplan for Bergensområdet 2017-2028

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Osterøy kommune sender inn høyringsuttale i saka om forslag til Regional plan for areal og

transport i Bergensområdet som det går fram av saksutgreiinga».

15.03.2017 FORMANNSKAPET

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 021/17 VEDTAK:

«Osterøy kommune sender inn høyringsuttale i saka om forslag til Regional plan for areal og transport i Bergensområdet som det går fram av saksutgreiinga.»

022/17: Offentleg høyring kart- og planforskriften

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Osterøy kommune sender inn høyringsuttale i saka om forslag til endringar i Kart og planforskrifta (Forskrift om kart, stedfestet informasjon, arealformål og kommunalt planregister) som det går fram av saksutgreiinga.»

08.03.2017 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - Samrøystes tilrådd

PL - 028/17 VEDTAK:

«Osterøy kommune sender inn høyringsuttale i saka om forslag til endringar i Kart og planforskrifta (Forskrift om kart, stedfestet informasjon, arealformål og kommunalt planregister) som det går fram av saksutgreiinga.»

15.03.2017 FORMANNSKAPET

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 022/17 VEDTAK:

«Osterøy kommune sender inn høyringsuttale i saka om forslag til endringar i Kart og planforskrifta (Forskrift om kart, stedfestet informasjon, arealformål og kommunalt planregister) som det går fram av saksutgreiinga.»

023/17: Utbyggingsavtale - reguleringsplan Fugledalen – Bustad – Hatland, Plan nr. : 1253 2012 001.

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

“Utbyggingsavtale knytt til realisering av reguleringsplan for Fugledalen – Bustad – Hatland, Plan nr. : 1253 2012 001, som er signert av utbygger Lonevåg Boligutvikling AS, org. nr. 984917074, per 22.02.17, vert lagt ut til høyring.

Utlekking til høyring skjer i medhald av plan- og bygningslov § 17-4.”

15.03.2017 FORMANNSKAPET

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 023/17 VEDTAK:

“Utbyggingsavtale knytt til realisering av reguleringsplan for Fugledalen – Bustad – Hatland, Plan nr. : 1253 2012 001, som er signert av utbygger Lonevåg Boligutvikling AS, org. nr. 984917074, per 22.02.17, vert lagt ut til høyring.

Utlekking til høyring skjer i medhald av plan- og bygningslov § 17-4.”

024/17: Vegnorm for Osterøy kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlagt vegnorm vert gjort gjeldande for Osterøy kommune.

08.03.2017 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Annbjørg B. Herland, KRF, gjorde slikt framlegg om endring i 4.13, 1. punktum i andre avsnitt: "Det vert nytta universelt utforma leskur."

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg med slik

endring som foreslått i møtet - samrøystes tilrådd

PL - 029/17 VEDTAK:

"Framlagt vegnorm vert gjort gjeldande for Osterøy kommune. Punkt 4.13 vert endra slik det er tilrådd i møtet."

15.03.2017 FORMANNSKAPET

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg med slik endring som

foreslått av plan- og kommunalteknisk utval - samrøystes tilrådd

FS - 024/17 VEDTAK:

"Framlagt vegnorm vert gjort gjeldande for Osterøy kommune. Punkt 4.13 vert endra slik det er tilrådd i møtet."

025/17: Interkommunalt samarbeid om tilsyn med forsøpling etter forureiningslova - godkjenning av avtale med BIR AS

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Heradstyret godkjenner at Osterøy kommune inngår avtale om interkommunalt samarbeid gjennom BIR AS:

1. Samarbeidet omfattar utføring av administrative oppgåver knytt til tilsyn med og kartlegging av forsøpling i kommunen, samt administrative oppgåver med opprydding i saker som gjeld forsøpling i kommunen.
2. Kommunestyret delegerer mynde til BIR AS til å løyse delar av kommunen sine oppgåver i lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova). Delegasjon av oppgåver og avgjerdsmynde er skildra i avtalen sitt punkt 5.
3. Samarbeidet vert etablert mellom kommunane Askøy kommune, Fusa kommune, Kvam herad, Os kommune, Osterøy kommune, Samnanger kommune, Sund kommune, Vaksdal kommune og BIR AS. Oppgåvene vert utført av BIR AS, som driftar eit felles kontor for utføring av oppgåvene etter forureiningslova.
4. Samarbeidet vert finansiert av BIR AS sine midlar.

15.03.2017 FORMANNSKAPET

Jon Flydal Blichfeldt, MDG, gjorde slikt framlegg: "Osterøy kommune v/formannskapet ønsker at ein før handsaming i heradsstyret innarbeidar i avtalen at BIR aktivt skal bidra til at det" vert oppretta kjeldesortering hjå alle kommunale einingar i Osterøy kommune. Dette vert å rekne som ei konkretisering av punkt 3, Formål, der dei tre første kulepunkta omhandlar tiltak for forebygging av forsøpling."

Framlegget vart trekt før avrøysting

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 025/17 VEDTAK:

Innstilling til heradsstyret:

"Heradstyret godkjenner at Osterøy kommune inngår avtale om interkommunalt samarbeid gjennom BIR AS:

1. Samarbeidet omfattar utføring av administrative oppgåver knytt til tilsyn med og kartlegging av forsøpling i kommunen, samt administrative oppgåver med opprydding i saker som gjeld forsøpling i kommunen.
2. Kommunestyret delegerer mynde til BIR AS til å løyse delar av kommunen sine oppgåver i lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova). Delegasjon av oppgåver og avgjerdsmynde er skildra i avtalen sitt punkt 5.
3. Samarbeidet vert etablert mellom kommunane Askøy kommune, Fusa kommune, Kvam herad, Os kommune, Osterøy kommune, Samnanger kommune, Sund kommune, Vaksdal kommune og BIR AS. Oppgåvene vert utført av BIR AS, som driftar eit felles kontor for utføring av oppgåvene etter forureiningslova.
4. Samarbeidet vert finansiert av BIR AS sine midlar."

026/17: Skjenkekontroll 29.01.17- Rapport og tilleggsrapport

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Rapport frå skjenkekontroll 29.01.17 ved Kjellaren Restaurant, Valestrandsfossen vert teken til vitande.»

15.03.2017 FORMANNSKAPET

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 026/17 VEDTAK:

«Rapport frå skjenkekontroll 29.01.17 ved Kjellaren Restaurant, Valestrandsfossen vert teken til vitande.»

Spørsmål m.m

Stenging av basseng Osterøy ungdomsskule

Kjersti Vevatne, V, tok opp spørsmål kring stengingsperiode for bassenget.

Rådmannen viste til at arbeidet med oppreinsking m.v. vil ta ca. 2 veker. Bassenget vert ikkje opna etterpå då vil vera att berre ei veke av fastsett opningsperiode. Frå hausten av vil bassenget vera ope heile skuleåret.

Møte med fylkeskommunen om finansiering av gang-/sykkelveg Hauge - Loftås

Kjersti Vevatne, V, viste til kollisjonen på Halland denne veka og behovet for trafikkisikring av denne vegen.

Rådmannen viste til tidlegare oppdrag om å få til eit møte med fylkeskommunen om dette. Møtet vert truleg halde etter påske.

Representantar frå fylkeskommunen vil i tillegg orientera om RTP i heradsstyremøtet 29. mars.

Det vart ikkje gjort vedtak i tilknytning til spørsmål og svar.

Til å skriva under møteprotokollen saman med ordføraren vart desse valde: Silje Midtbø Vevle og Rita Tveiten.

Lonevåg, 17.03.17

Bente Skjerping
Utvalssekretær

Jarle Skeidsvoll

Silje Midtbø Vevle

Rita Tveiten